



Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 OSLO
postmottak@kd.dep.no

Høyring - Framlegg til endringar i opplæringslova og privatskulelova

Utdanningsforbundet syner til høyringsbrev av 18.12.2013 frå Kunnskapsdepartementet med framlegg til endringar i opplæringslova og privatskulelova.

Utdanningsforbundet vil innleiingsvis kommentere høyringsfristen frå departementet. Framlegga vart sendt på høyring 18. desember 2013 med 29. januar 2014 som høyringsfrist. Dette inneber ein høyringsperiode på seks veker, inklusive juleferie. Utdanningsforbundet finn det svært uheldig at departementet har redusert høyringsperioden frå tre månader som vanleg til seks veker. I lys av at departementet har sett seks veker inklusive vinterferie i mange fylke som frist også for høyring om framlegg til dispensasjonsordning i privatskulelova, vil Utdanningsforbundet sterkt oppmode departementet om å utvide høyringsfristen til tre månader ved framtidige høyringar. Ein høyringsfrist på seks veker vil forhindre mange av høyringsinstansane frå å kunne gjennomføre ei brei intern høyring med involvering av praksisfeltet.

Framlegga til endring i opplæringslova og privatskulelova inneber:

- ♦ Endring av reglane om leksehjelp slik at kommunen/den private skulen sjølv kan avgjere på kva steg i grunnskulen ein skal gje tilbod om leksehjelp
- ♦ Oppheving av plikta kommunen/den private skulen har til å gje elevane gratis frukt og grønsaker
- ♦ Innføring av ein rett til grunnskuleopplæring og vidaregåande opplæring for ungdom over opplæringspliktig alder som er under 18 år, og som søker om opphaldsløyve

Utdanningsforbundet syner til tidlegare høyringssvar knytt til innføring av leksehjelp og frukt og grønsaker i skulen. Utdanningsforbundet har følgjande kommentarar til høyringsframlegga:

Hovudpunkt:

- ♦ Utdanningsforbund støttar departementet sitt framlegg om å endre reglane om leksehjelp slik at skuleeigar kan avgjere på kva steg i grunnskulen ein skal gje

tilbod om leksehjelp. Utdanningsforbundet meiner samstundes at departementet burde ha tatt initiativ til ein breiare gjennomgang av ordninga med leksehjelp.

- ♦ **Utdanningsforbundet støttar departementet sitt framlegg om å innføre ein rett til grunnskuleopplæring og vidaregåande opplæring for ungdom over opplæringspliktig alder som er under 18 år, og som søker om opphaldsløyve.**
- ♦ **Utdanningsforbundet er usamd i departementet sitt framlegg om å oppheve skuleeigar si plikt til å gje elevane gratis frukt og grønnsaker. Utdanningsforbundet meiner tvert om at ordninga burde ha vore utvida til å omfatte heile grunnskulen, og at det på sikt bør vere tilbod om eit fullverdig skulemåltid.**

Leksehjelp

Om lovframlegget

Departementet sitt framlegg inneber ei endring av første ledd i § 13-7 i opplæringslova. Lovframlegget lyder:

Kommunen skal ha eit tilbod om leksehjelp i grunnskulen. Omfanget og den nærmare fordelinga av leksehjelpe på årstrinna fastsetjast i forskrift.

Dagens ordlyd i § 13-7 er : *Kommunen skal ha eit tilbod om leksehjelp for elevar på 1.-4. årstrinn.*

Framlegget gjeld også endring av forskrifta til opplæringslova § 1A-1 første og tredje ledd.

Framlegget inneber tilsvarende endring av privatskulelova § 7-1e med forskrift§ 2B-1 første og tredje ledd.

Framlegget inneber framleis ei plikt om å tilby leksehjelp, men åtte timar leksehjelp kan etter framlegget fordelast fritt av skuleeigar på 1.-10. årsteg, og ikkje avgrensast til 1.-4. årsteg som i dag.

Bakgrunn

I Stortingsmelding nr. 16 (2006/2007) ... *og ingen sto igjen peika departementet på at «Departementet vil at alle elever skal få tilbod om leksehjelp.» Dette vart følgt opp i Prop. 95 L (2009/2010) der regjeringa synte til at «Det er forskjellar i kor mykje oppfølging av lekser elevane får heime. Alle elevar bør derfor få tilbod om leksehjelp, slik at også dei elevane som ikkje får så mykje støtte heimanfrå, kan ha betre nytte av det arbeidet dei gjer utanom skoletimane.»*

Ordninga med leksehjelp vart lovfesta 1. august 2008. Gjeldande rett er likevel at ordninga er avgrensa til elevar på 1.-4. årsteg.

Føremålet med leksehjelpe har vore å *”gje eleven støtte til læringsarbeidet, kjensle av meistring, gode rammer for sjølvstendig arbeid og medverke til utjamning av sosiale forskjellar i opplæringa”*.

Utdanningsforbundet har støtta denne grunngevinga for innføring av leksehjelp i grunnskulen, men har meint at ordninga bør omfatte alle elevar i grunnskulen.

Utdanningsforbundet støttar på denne bakgrunn departementet sitt framlegg til lovendring.

Vår grunngeving for støtta er likevel omsynet til elevane si læring, og ikkje som departementet, av omsyn til fleksibilitet, valfridom og handlefridom for kommunane.

Sjølv om Utdanningsforbundet støttar departementet sitt framlegg, meiner vi likevel at det er heilt utilstrekkeleg for å oppfylle målsetjinga med leksehjelpa.

Utdanningsforbundet meiner at innretninga av leksehjelpa har vore lite treffsikker og at det kan reisast alvorleg tvil om eit friviljug tilbod leksehjelp vil nå dei elevane som treng det mest. Kvaliteten i tilbodet burde ha vore sikra gjennom bruk av lærarar med godkjent fagleg og pedagogisk kompetanse i leksehjelpa.

Gjennomføringa av leksehjelpa er i dag basert på fagarbeidarløn med eit administrativt påslag på 25 %. Evaluering av ordninga syner at berre ein liten del av leksehjelparane er pedagogar. Dette fører til at leksehjelpa har lita tilknytning til skulekvardagen, at kvaliteten på hjelpa er låg, at deltakinga er fallande og at målsetjinga om at ordninga skal vere fagleg utviklande vanskeleg let seg gjere. Det er såleis meir tale om leksetid enn leksehjelp. Når det heller ikkje er lovfesta at rektor er øvste leiar for leksehjelpa, har ordninga ofte heller ikkje ei forsvarleg fagleg leiing.

Utdanningsforbundet hadde difor forventa at regjeringa med sitt fokus på lærarkompetanse og kvalitet hadde tatt grep for å sikre eit høgt fagleg innhald i leksehjelpa. Ikkje minst i lys av Høgre og Framstegspartiet sin felles merknad i Innstilling 279 L (2009/2010):

«det er svært betenkelig at regjeringen i sitt forslag legger opp til et lovfestet leksehjelpstilbud som ikke skal bemannes av pedagoger, og heller ikke tilligger rektors ansvarsområde. Disse medlemmer mener dette viser at regjeringen ikke er opptatt av å sikre kvaliteten i tilbudet og vil vise til at regjeringen her er på kollisjonskurs med en rekke av høringsinstansene. Disse medlemmer mener at opplegget for den lovfestede leksehjelpen får mer karakter av oppbevaring når den ikke skal bemannes av kvalifiserte lærere.»

Utdanningsforbundet er usamd i departementet sin kommentar om at *«Langt fra alle benytter seg av ordningen i dag. Slik sett skal det normalt være rom for å bruke også lærerkrefter – i hvert fall i noen utstrekning – til leksehjelp på for eksempel ungdomstrinnet.»*

Vi meiner denne argumentasjonen undergreiv ei ordning som i utgangspunktet skal vere eit tilbod til alle elevar. Resonnementet synest å vere at jo fleire elevar som brukar tilbodet om leksehjelp, jo dårlegare pedagogisk kvalitet vil tilbodet ha.

Utdanningsforbundet er usamd med departementet når dei i høyringsnotatet seier at *«En time leksehjelp på ungdomstrinnet er kostnadsberegnet til om lag det samme som på barnetrinnet»* og at *«å flytte (deler av timene) til ungdomstrinnet vil derfor heller ikke ha merkostnader for kommunene»*.

Utdanningsforbundet meiner at omfanget av leksehjelpa burde ha vore auka frå dagens åtte

timar når den skal omfatte heile grunnskulen, og ikkje berre 1.-4. steg. Dette ville ha vore i samsvar med Høgre sin argumentasjon i Innstilling O. nr. 51 (2007/2008) der dei ønskte «mer leksehjelp». Vi meiner difor at eit absolutt minimum burde ha vore ti timar.

Utdanningsforbundet meiner at når elevane har ein rett til leksehjelp, må dei også få rett til skyss til og frå leksehjelpe. Det vil sikre at tilbodet vert likeverdig uavhengig av geografiske forhold.

Utdanningsforbundet meiner sluttrapporten frå NIFU også er eit vesentleg innlegg for å gjere meir omfattande grep i leksehjelpordninga. NIFU seier i rapport 6/2013 *”Litt vanskelig at alle skal med”*, at eit hovudfunn er *”at leksehjelpen i liten grad ser ut til å ha rokket ved de systematiske forskjellene i elevers skolerresultater som knytter seg til kjønn, sosioøkonomisk familiebakgrunn og innvandringsbakgrunn.»*

Rett til opplæring for ungdom over opplæringspliktig alder som er under 18år, og som søker om opphaldsløyve

Om lovframlegget

Departementet sitt framlegg inneber nye tillegg i opplæringslova §§ 3-1, 4A-1 og 4A-3. Framlegga har som føresetnad at også § 6-3 i forskrift til opplæringslova vert endra.

Ungdom over opplæringspliktig alder som oppheld seg i Noreg i påvente av vedtak om opphaldsløyve, har etter opplæringslova og tilhøyrande forskrift ikkje rett til opplæring. Framlegget inneber at det vert innført rett til grunnskuleopplæring og vidaregåande opplæring for ungdom over opplæringspliktig alder som er under 18 år, og som søker om opphaldsløyve.

Utdanningsforbundet støttar departementet sitt framlegg.

Vilkåret for denne retten er at opphaldet er lovleg og at det er sannsynleg at dei skal vere i landet i meir enn tre månader.

Departementet meiner at grunnskuleopplæring og vidaregåande opplæring er ein så grunnleggjande og viktig del av grunnopplæringa i Noreg at tilbodet også bør gjelde ungdom mellom 16 og 18 år som søker om opphald i landet.

Utdanningsforbundet støttar denne vurderinga. Vi meiner, som departementet, at det er viktig at desse personane ikkje går ledige og at det kan setjast i verk tiltak som sysselset ungdommane på ein positiv måte. Rett til opplæring vil vere eit viktig tiltak for denne gruppa og kan medverke til at desse ungdommane får høve til å byggje opp kompetansen sin.

Frukt og grønnsaker

Om lovframlegget

Departementet sitt framlegg inneber oppheving av § 13-5 i opplæringslova og § 7-1c i privatskulelova med forskrifter.

Dagens ordlyd i § 13-5 er: *Skoleeigaren skal gi elevane gratis frukt og grønnsaker. Departementet kan gi nærmare forskrifter om ansvaret for ordninga og omfanget av plikta.*”

Ordlyden i forskrifta, § 18-2 er: *”Kommunen skal kvar skoledag gi alle elevar ved ungdomsskolar og kombinerte skolar gratis frukt og grønnsaker.”*

Departementet vil i staden utvide dagens abonnementsordning med eigenbetaling til også å omfatte skular som til no har hatt ei gratisordning. Departementet seier samstundes at denne ordninga kan «bli gjenstand for vurdering.»

Bakgrunn

I stortingsmelding nr. 16 (2006/2007) ... og ingen sto igjen vert det uttalt at *«Regjeringen vil at det skal skapes gode rammer omkring måltidet, og at det skal innføres ordninger for frukt og grønt for alle elever i grunnskolen.»*

Ordninga med frukt og grønnsaker vart lovfesta frå 1. august 2008. Gjeldande rett er likevel at ordninga er avgrensa til grunnskular med ungdomssteg. Den økonomiske årsverknaden av ordninga er ca. 260 millionar kroner.

Utdanningsforbundet har støtta innføringa av ei plikt for skuleeigar om å tilby gratis frukt og grønnsaker til elevar i grunnskulen. Utdanningsforbundet meiner ordninga bør gjelde for heile grunnskulen. Vi meiner det er ulogisk at kommunen si organisering av skulestrukturen skal vere avgjerande for kva for elevar som skal omfattast av ordninga.

Ei oppheving av plikta til å gje elevane frukt og grønnsaker, vil gjere det valfritt for skuleeigarar om dei vil tilby elevane frukt og grønnsaker. Departementet peikar på at ordninga er kostbar og vil nytte ressursane på andre tiltak, men at *«Lovendringen er ikke et uttrykk for at departementet ikke mener daglig frukt og grønt er viktig i et folkehelseperspektiv»*.

Utdanningsforbundet meiner at ordninga ikkje kan seiast å vere særleg kostbar. Vi meiner ordninga er både læringsfremjande og helsefremjande, og at det er vanskeleg å tolke departementet sitt framlegg på annan måte enn at desse omsyna er underordna omsynet til kommunane sin handlefridom.

Utdanningsforbundet meiner dagens ordning er tilpassa lokale forhold og behov. Vi konstaterer at departementet i høyringsnotatet siterer KS på at *«det må vises tillit til folkevalgte gjennom å gi tilstrekkelig handlingsrom til å utforme politikk basert på lokale forutsetninger, og at å pålegge en plikt til dette er et eksempel på regulering som er med på å redusere lokale folkevalgte til utførere av oppgaver detaljbestemt av staten.»*

Utdanningsforbundet konstaterer at departementet vel å fokusere på kommunane sin fleksibilitet og handlefridom i staden for omsynet til elevane sitt beste, og heller ikkje lyttar til staten si eiga ekspertise på ernæringsområdet.

Utdanningsforbundet meiner det er ein klar samanheng mellom ernæring og læring. Svoltne elevar er ukonsentrerte og urolege, og dei lærer mindre. Vi meiner skulen også kan vere ein arena for å byggje opp gode og sunne kostvanar hos barn og unge, og såleis førebyggje kroniske sjukdommar som til dømes overvekt og diabetes. Vi meiner det bør setjast av

tilstrekkeleg tid, minimum 20 minutt til å gjennomføre eit godt skulemåltid. På sikt bør målsetjinga vere eit varmt, variert måltid i skulen.

Med vennleg helsing
For Utdanningsforbundet

Torbjørn Ryssevik
Seksjonsleiar

Einar Ove Standal
Seniorrådgjevar